



Frode Tufte

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3974 - 14/16799

Saksbehandlar:

Anne-Lise Næs Olsen

anne.lise.olsen@meland.kommune.no

Dato:

04.11.2014

Referat - Kvernhusbekken og ivaretaking av elvemuslingar mm. - Mjåtveitmarka

Det vart halde møte på vårt kontor 04.11.2014.

Desse møtte:

Frode Tufte og Kjetil Tufte frå Mjåtveitlvens foreining

Marius Flemmen Knudsen og Anne-Lise Olsen frå administrasjonen

Innleiing:

Møte vart halde for å avklare bekymringar som Frode og Kjetil hadde ang. ivaretaking av bekkar innafor utbyggingsområde i Mjåtveitmarka, særleg m.o.t. elvemuslingar i Mjåtveitvassdraget.

Gjennomgang av bekymringar:

Frode Tufte og Kjetil Tufte var bekymra for korleis utbygginga i Mjåtveitmarka ville innverke på livet i Mjåtveitvassdraget. Særleg er dei bekymra for elvemuslingane i vassdraget, men og for aure som går i elvane. Dei er bekymra for det økologiske samspelet i vassdraget, og meiner at det er sær viktig at ein ivaretek sidebekkane i vassdraget.

Det vart innlevert ei liste over punkt som Frode og Kjetil ynskjer at kommunen ivaretek:

- Dei ynskjer at det vert brukt miljøvennleg sprengstoff
- Dei ynskjer at slamvatn vert pumpa bort frå bekkane over høgda ved B7 og til sjø via Mjåtveitstø
- Dei ynskjer at eksisterande fangdam skal utvidast til 300 m² jf. føringar frå fylkesmannen
- Dei ynskjer at dammen til Askeland vert reinsa og at det vert laga ny terskel
- Dei ynskjer at Kvernhusbekken vert verna me ein sone på 4 meter på kvar side
- Dei ynskjer at entreprenør fylgjast opp ved utføring av terrengarbeid
- Dei ynskjer at det vert laga kulpar i bekkane gjennom område B5 og B7

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

- Dei ynskjer at fisk kan fraktast forbi røyra under jordtippen lengre oppe i bekken
- Dei ynskjer til slutt at eigarar og utbyggjar gjev ei tilbakemelding ang. temaet

Drøfting:

Me drøfta bekymringane og me var einige i at det her er viktig å ivareta naturmangfaldet i samsvar med lova. Me fann at reguleringsplanen med føresegner ikkje i tilstrekkeleg grad ivaretek naturmangfaldet innafor planområdet. Me var m.a. einige i at bekkane må sjermast mot avrenning av slam i annleggsfasen, og at ein bør unngå å grave i periodar med masse nedbør.

Administrasjonen vil etter dette undersøkje saka, med utgangspunkt i det arbeidet som allereie er lagt ned ang. temaet, td. Rapport utarbeidd av Rådgivende Biologer AS av 30.04.2012. Administrasjonen vil og ta kontakt med regionale instansar for å hente meir detaljert informasjon der .

Administrasjonen vil deretter vurdere korleis ein best kan ivareta naturmangfaldet gjennom vedtak heimla i Plan og bygningslova, ev. gjennom reguleringsføresegner.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
plankonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Frode Tufte
Marius Flemmen Knudsen